SAMNANGER KOMMUNE

Me feirar

GRUNNLOVSJUBILEET
1814-2014

MØTEINNKALLING

Utval: **Formannskapet**
Møtedato: **03.12.2014**
Møtetid: **15:00 -**
Møtestad: **Kommunehuset**

Varamedlem skal ikkje møta utan nærare innkalling

Forfall til møtet eller ugildskap må meldast snarast råd til ekspedisjonen (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Ordførar i Kvam herad, Asbjørn Tolo, vil orientera om prosjektet - Hordalandsdiagonalen. Aust/vest-analysen.

Leiar av utval

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	**Arkivsak**	**Sakstittel**	**Merknad**
067/14	14/894	Faste saker	
068/14	11/95	Rapporteringstidspunkt og teljedato for barn i barnehagane	
069/14	09/584	Kjøp av tomt nr. 8 i bustadfelt Lønnebakken til garasje	
070/14	09/640	Kommunalt tilskot til oppføring av kunstinstallasjon ved rundkjøring på Fv 48	

Oversikt faste saker
• Godkjenning av innkalling og sakliste • Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter

SAMNANGER KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Arkivsaksnr: 14/894	**Løpenr**: 14/7125
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	**Møtedato**	**Saksnr.**	**Saksbeh.**
Formannskapet	03.12.2014	067/14	MS

FASTE SAKER

Oversikt faste saker:
• Godkjenning av innkalling og sakliste • Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte • Delegerte vedtak/referatsaker • Utvalet sitt kvarter

Oversikt delegerte vedtak/referatsaker som er meldt opp til møtet:

Arkivsak	Dok.dato	Dok.type	Avs./mott.	Tittel/innhald
14/578	19.11.2014	I	Fylkesmannen i Hordaland	Oversending av endeleg rapport med frist for retting

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
- Delegerte vedtak/referatsaker vert tekne til orientering

SAMNANGER KOMMUNE

Me feirar
GRUNNLOVSJUBILEET
1814-2014

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Hilde-Lill Våge	**Arkivkode**: FE-223, FA-A10
Arkivsaksnr: 11/95	**Løpenr**: 14/7038
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	**Møtedato**	**Saksnr.**	**Saksbeh.**
Formannskapet	03.12.2014	068/14	HLV

RAPPORTERINGSTIDSPUNKT OG TELJEDATO FOR BARN I BARNEHAGANE GRUNNLAG FOR KOMMUNALT TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Samnanger kommune vedtek å ha 3 årlege rapporteringstidspunkt på barnetalet i barnehagane i kommunen. Rapporteringstidspunkta vert den 15.desember, 1. april og 1.september kvart år. Jfr forskrift §7-2.ledd.
Vedtaket er gjort med heimel i Barnehagelova § 14 og FVL § 2, og kan verte påklaga av den private barnehagen. Klagefristen er sett til 3 veker frå vedtaket er kjent.

Dokument som ikkje er vedlagt:
Rundskriv Udir-6-2013 –forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikkje-kommunale barnehager.
Barnehagelova § 14.

Kva saka gjeld: Vedta retningsliner for årleg rapporteringstidspunkt for talet barn i barnehagane i Samnanger kommune. Rapporteringstidspunkta vert sett til 15.desember, 1.april og 1.september.

Bakgrunn i saka: Samnanger kommune ønskjer å vedta eigne retningsliner for rapportering og utvide denne til 3 gonger i gjennom året. Dette fordi barnehagane har kontinuerleg og fortløpande opptak. Endring i barnetalet skjer derfor ikkje berre gjennom hovudopptaket i august.

Fakta: Kommunen skal gjera enkeltvedtak, jfr FVL, om teljedatoar utover det nasjonalt vedteke rapporteringstidspunktet den 15. desember (BASIL).
Rapporteringa skal innehalde talet barn , alder og opphaldstid i skjema vedteke av departementet.

Talet barn i barnehagen er grunnlaget for tilskotet til ikkje-kommunale barnehagar.

Vurderingar og konsekvensar:
Med fleire rapporteringstidspunkt vil kommunen fange opp variasjonen i barnetalet i barnehagane, jfr Forskrifta § 7- 2.ledd. Barn som fyller tre år i tilskotsåret er definert som tre åringar ved oppstarten av det nye barnehageåret i august.
Tre teljedatoar kan vera både til fordel og ulempe når dette vert grunnlaget for korrigering av tilskotet. Den ikkje-kommunale barnehagen får tilskotet utbetalt på forskot. I avrekninga på slutten av året tek kommunen omsyn og korrigerar tilskotet i høve til talet barn på rapporteringstidspunkta.

SAMNANGER KOMMUNE

Me feirar
GRUNNLOVSJUBILEET
1814-2014

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	**Arkivkode**: FE-613
Arkivsaksnr: 09/584	**Løpenr**: 14/7069
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	**Møtedato**	**Saksnr.**	**Saksbeh.**
Formannskapet	03.12.2014	069/14	TR

KJØP AV TOMT NR. 8 I BUSTADFELT LØNNEBAKKEN TIL GARASJE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Samnanger kommune imøtekjem ynskje frå 5 oppsitjarar i bustadfeltet på Lønnebakken om å kjøpa tomt nr. 8 i feltet til garasjeføremål. Samla pris for tomta er kr 200.000 + omkostningar.

Dokument som er vedlagt:
Ønsker eit pristilbud på tomt 8, Lønnebakken
Søknad om å bygge garasje på tomt 8
Tomt til garasje. Areal mellom nr 31 og 29.pdf

Kva saka gjeld:
Det ligg føre ein førespurnad om kjøp av tomt nr 8 i bustadfeltet på Lønnebakken til oppføring av 5 garasjar. 4 av dei aktuelle kjøparane er busett i 5-mannsbustaden som grenser til tomt nr 8 og ein er busett annan stad i feltet.

Tomt nr 8 var opphavleg på 410m2. I 2011 var den prisa til kr 246.000 kroner. Tomta vart teken ut av prislista då me vurderte det slik at den ikkje var egna til oppføring av bustad. Tomta er avgrensa mot kommunal bustad, 5-mannsbustader og felles vegar. Den er i dag ca 300 m2.

Det omsøkte føremålet – garasje til privatbilar – er i tråd med reguleringsplan.

Vurderingar og konsekvensar:

Me har frå tid til anna hatt ein gjennomgang av dei tomtene som ikkje er seld/bygd på. Gjennom utbygging av feltet er det føreteke ein del justeringar av grenser, noko som har gjort at ikkje alle tomtene som var med i opphavleg reguleringsplan er aktuelle å byggja bustad på. Tomt nr 8 er ei av desse. Det har i diskusjonen vore nemnd at den kunne vera egna til garasjeføremål evt. til leik. Det er ein mindre leikeplass nær denne tomta, og ein større i ein annan del av feltet. Det er og relativ kort avstand til leike-/uteplassen på barneskulen der det er ballbingar m.m. Me har konkludert med at det ikkje er trong for meir leikeareal i feltet.

Kommunen har tidlegare fått munnleg førespurnad frå huseigarar som grenser til området men som har bygd før feltet vart etablert om denne tomta. Det har ikkje kome formell førespurnad om å kjøpa heile eller delar av tomt 8.

I diskusjonen om bruk til garasjeføremål har administrasjonen vore oppteken av at det ikkje er areal nok for 5-mannsbustaden til å setja seg opp garasjar på eigande grunn. Sidan denne tomta grensar til denne eigedomen, meiner me at det vil vera naturleg å tilby oppsitjarane her den gitt at dei er interesserte. Dette er og kommunisert til talspersonen for søknaden då han vende seg til kommunen i denne saka. Søkjaren har teke fatt i dette, noko som me no ser av søknaden. Rådmannen tilrår at førespurnaden vert imøtekomen.

Store delar av tomta er planert. Tomta var i 2011 prisa til kr 246.000. Tomteprisen har vore årleg regulert, slik at denne prisen i dag ville vore ca kr 265.000 gitt elles at tomta var lik som ved opphavleg prisfastsetting, noko som ikkje er tilfelle sidan den er ein god del mindre. Rådmannen vil foreslå at prisen på tomta vert sett til kr 200.000 som må seiast å vera rimeleg for ei delvis planert tomt med plass til 5 garasjar. I tillegg kjem kostnader med oppmåling, tinglysing m.m.

SAMNANGER KOMUNNE Tysse 23 Okt 2014

Ønsker eit pris tilbud på tomt 8 (ca 251m2)

Vi er nå 4. stk fra 5 mannsboligen og 1. som har einebolig som kan vera interessert å kjøpe tomten for bruk til garasje. For å få plass til 5 garasjer må tomte arealet utnyttes max. Det vil bli sendt eit forslag til garasjebygget til kommunen. Sjå vedlegg for forslag til tomte areal (ca 251 m2)

SAMNANGER KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN
SAK.NR..... J.NR.....
24 OKT 2014
EMNEKODE:.....
OBJEKTKODE:.....
SAKSH:..... GRADERING.....

Svein Johnny R Gangdal
Svein Tore Tysseland
Asmund Haukanes
Hans Kristian Utskot
Thor-Olav Holmefjord (fra eineboligen)

Kontakt personer:
Svein Johnny R Gangdal Lønnebakken 41 5650 Tysse
Mob: 95941094 Mail: svein.gangdal@gmail.com
Eg jobber i utenriksfart så det kan vera vanskelig i perioder å få kontakt på mob men kan da kontaktes på Mail.

Svein Tore Tysseland 35 Lønnebakken 5650 Tysse
Mob: 90884672
Mail. svein.tore.tysseland@bkkfiber.no

Kopi

SAMNANGER KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN
SAK.NR..... J.NR.....
24 OKT 2014
EMNEKODE:.....
OBJEKTKODE:.....
SAKSH:..... GRADERING.....

Forslag fra Grimstad garasjen



Tak Seksjoner

Flatt Tak. Høyde ca 3,10 m



SAMNANGER KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN
SAK.NR.....J.NR.....
24 OKT 2014
EMNEKODE:.....
OBJEKTKODE:.....
SAKSH:..... GRADERING.....

3


SAMNANGER KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN
SAK.NR
J.NR
24 OKT 2014
EMNEKODE:
OBJEKTKODE:
SAKSH:
GRADERING
N
Kartutsnitt
Gnr 24 bnr 19
Grensene i kartet er ikkje rettsgyldige
17.10.2014
Målestokk 1:1000
Samnanger kommune

4


SAMNANGER KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN
SAK.NR.
J.NR.
24 OKT 2014
EMNEKODE
OBJEKTKODE
SAKBH.
GRÅDERING
K5
K9
L1
B3
B2
Sumarshaugen
REV. 24.08.04 DA
BYGGMESTER
ALF R. MJELDE AS
5286 HAUS - TLF. 56 39 00 38

SAMNANGER KOMMUNE Tysse 23 Oktober 2014

Søknad om å bygge garasjebygg på tomt 8

Størrelse: ca 26,6m2 Hver garasje seksjon
Lengde ca 18,2m.
Bredde ca 7,40m
Høgde ca 3,10m (Flatt tak)
Se vedlegg
Forslaget er fra Grimstad garasjen

SAMNANGER KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN
SAK.NR..... J.NR.....
24 OKT 2014
EMNEKODE:.....
OBJEKTKODE:.....
SAKSH:..... GRADERING.....

Vi har eit spørsmål hva kan max lengde og bredde vera mulig bygge på tomten?
Det er fordi vi vurderer andre alternativ.

Kontakt personer:
Svein Johnny R Gangdal
Lønnebakken 41 5650 Tysse
Mob: 95941094
Mail: svein.gangdal@gmail.com

Svein Tore Tysseland
Lønnebakken 35 5650 Tysse
Mob: 90884672
Mail: svein.tore.tysseland@bkkfiber.no

Vedlegg 5

SAMNANGER KOMMUNE Tysse 23 Oktober 2014

Søknad om å bygge garasjebygg på tomt 8

Størrelse: ca 26,6m2 Hver garasje seksjon
Lengde ca 18,2m.
Bredde ca 7,40m
Høgde ca 3,10m (Flatt tak)
Se vedlegg
Forslaget er fra Grimstad garasjen

SAMNANGER KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN
SAK.NR..... J.NR.....
24 OKT 2014
EMNEKODE:.....
OBJEKTKODE:.....
SAKSH:..... GRADERING.....

Vi har eit spørsmål hva kan max lengde og bredde vera mulig bygge på tomten?
Det er fordi vi vurderer andre alternativ.

Kontakt personer:
Svein Johnny R Gangdal
Lønnebakken 41 5650 Tysse
Mob: 95941094
Mail: svein.gangdal@gmail.com

Svein Tore Tysseland
Lønnebakken 35 5650 Tysse
Mob: 90884672
Mail: svein.tore.tysseland@bkkfiber.no

Kopi vedlegg



BYGGMESTER
ALF R. MJELDE AS
5286 HAUS - TLF. 56 39 00 38

SAMNANGER KOMUNNE Tysse 23 Okt 2014

Ønsker eit pris tilbud på tomt 8 (ca 251m2)

Vi er nå 4. stk fra 5 mannsboligen og 1. som har einebolig som kan vera interessert å kjøpe tomten for bruk til garasje. For å få plass til 5 garasjer må tomte arealet utnyttes max. Det vil bli sendt eit forslag til garasjebygget til kommunen. Sjå vedlegg for forslag til tomte areal (ca 251 m2)

Svein Johnny R Gangdal
Svein Tore Tysseland
Asmund Haukanes
Hans Kristian Utskot
Thor-Olav Holmefjord (fra eineboligen)

Kontakt personer:
Svein Johnny R Gangdal Lønnebakken 41 5650 Tysse
Mob: 95941094 Mail: svein.gangdal@gmail.com
Eg jobber i utenriksfart så det kan vera vanskelig i perioder å få kontakt på mob men kan da kontaktes på Mail.

Svein Tore Tysseland 35 Lønnebakken 5650 Tysse
Mob: 90884672
Mail. svein.tore.tysseland@bkkfiber.no

Vedlegg 4


1800
1850
1150
1100
1050
83
41
39
37
33
35
31
45
25
29
21
3
2
6
4
8
7
16
G10
G3
G2
G1
P2
P14
N
Kartutsnitt
Gnr. 24 bnr. 19, 228.
Grensene i kartet er ikkje rettsgyldige
27.11.2014
Målestokk 1:500
Samnanger kommune

SAMNANGER KOMMUNE

Me feirar
GRUNNLOVSJUBILEET
1814-2014

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Tone Ramsli	**Arkivkode**: FA-Q10
Arkivsaksnr: 09/640	**Løpenr**: 14/7081
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG			
Styre, utval, komité m.m.	**Møtedato**	**Saksnr.**	**Saksbeh.**
Formannskapet	03.12.2014	070/14	TR

KOMMUNALT TILSKOT TIL OPPFØRING AV KUNSTINSTALLASJON VED RUNDKJØRING PÅ FV 48

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Samnanger gir eit tilskot på kr 100.000 til etablering av kunstinstallasjon som omsøkt ved rundkjøring på Fv 48. Pengane vert løyvd av konto nr. 1.1402.1400.3251

Dokument som er vedlagt:
Søknad om kulturmidler til Kunstutsmykning ved rundkjøring/vei-punkt/veistrekning Fv7-Fv48 i Samnanger
ProsjektplanSkulptur Fv7-Fv48 Rundkjøring 21092014 rev2.
Samnanger kunstutsmykning rundkjørinfg Fv7-48 rev01.
skjema kulturmidlar Samnanger Kunstlag 21092014.

Kva saka gjeld:
Kunstlaget i Samnanger v. Njål Soleng har sendt ein førespurnad om kommunen om tilskot frå kulturmidlar til eit etablering av ein kunstinstallasjon ved rundkjøringa på Fv 48. Kostnaden med tiltaket er stipulert til kr 350.000. For ytterlegare informasjon om prosjektet vert vist til vedlegg.

Det er kome melding frå Statens vegvesen om at dei har godkjend ei plassering som omsøkt. Det skal også søkast om slik godkjenning etter plan- og bygningslova. Sakshandsamar på byggesak har på førespurnad uttalt at det vil verta gitt godkjenning ut frå dei planane som er presenterte.

Samnanger Kunstlag tenker å finansiera prosjektet ved å søka midlar frå Hordaland fylkeskommune, staten, kulturmidlar, andre tiltaksordningar og private sponsorar.

Vurderingar og konsekvensar:
Rådmannen har vald å handsama denne søknaden som ein generell søknad om midlar. Denne sakshandsaminga kjem derfor i staden for ein søknad om kulturmidlar som er delegert til utval for oppvekst og omsorg.

Eit av hovudsatsingsområda i kommuneplanen er marknadsføring. Dette er eit arbeid som har stått på administrasjonen si liste dei siste åra, men som av ulike grunnar ikkje har vorte gjort. I budsjettet for 2014 vart det sett av kr 150.000 til marknadsføring. Tanken var m.a. å få utarbeidd ein hovudmal for det vidare arbeidet der dråpen som symbol ville vera vesentleg. Arbeidet er ikkje gjort, og pengane avsett til føremålet er ikkje nytta. Det omsøkte tiltaket vil slik me vurderer det og uavhengig av korleis me vil legga opp marknadsføringsprofilen vår vera eit tiltak som vil passa inn. Utforminga med ein markant dråpe og plasseringa ved hovudvegen gjennom kommunen gir Samnanger kommune ein god moglegheit til å verta synleg.

Me ser at det er ei stor utfordring med å skaffa fullfinansiering. Eit tilskot frå kommunen på 100.000 kroner vil hjelpa mykje, og det er berre å håpa at dei får på plass resterande midlar.

Fra: Njål Richard Soleng
Sendt: 21.11.2014
Til: Postmottak
Kopi: Marit Aksnes Aase;Marianne Soleng
Emne: Søknad om kulturmidler til Kunstutsmykning ved rundkjøring/vei-punkt/veistrekning Fv7-Fv48 i Samnanger

---

Til den dette måtte angå.

Sender som vedlegg søknad om støtte for "Kunstutsmykning ved rundkjøring/vei-punkt/veistrekning Fv7-Fv48 i Samnanger" på vegne av Samnanger Kunstlag.
Vennligst bekreft mottak og gi beskjed dersom dere trenger ytterlige informasjon.

Vedlegg:
1. Søknadskjema kulturmidler
2. Prosjektplan
3. Illustrasjoner konsept

mvh
Njaal R. Soleng
Mob: (+47) 452 11 263

Prosjektplan
Kunstutsmykning ved rundkjøring Fv7-Fv48 i Samnanger

Rev. 2 – 21.09.2014 – Alternativ plassering; veistrekning Ulland

1. Mål og rammer

1.1 Bakgrunn

I forbindelse med vegprosjektet "Fv. 48 Tunnel bak Tysse" skal det eksisterende krysset der Fv. 48 møter Fv. 7 ved Straumen bro omgjøres til rundkjøring. Dette veipunktet tilknytter trafikkfarene som skal til og fra Bergen, Kvam og Fusa– og videre til og fra Hardanger.

Samnanger Kunstlag ønsker å ta initiativ til utsmykning og markedsføring av kommunen i form av en offentlig skulptur; med plassering på utsida av G/S-vegen nærmere Ulland (se vedlegg A – alternativ plassering).

Skulpturen er tenkt som en kulturell markering av Samnanger som kraftkommune, ledende innen kraft og småkraft kompetanse og "The Gateway to Hardanger" for bilturistene fra og til Bergen. På lik linje som Ulriken sin tårnmast lyser opp og markerer Bergen og "De Syv Fjell".

Selve skulpturen skal symbolisere en vann dråpe som assosieres til symbolene i Samnanger Kommune sitt kommunevåpen; seks dråper, samt regn og vannkraft.

Dette vil øke bevisstheten om Samnanger sin identitet som kraft kommune i Midhordland/Bergensregionen. I tillegg vil dette eksponere folk for kunst og kultur i det offentlig rom; over flere generasjoner og til forskjellige aldersgrupper, miljøer og steder.

Ved å gjennomføre dette under bygging av vegprosjektet "Fv. 48 Tunnel bak Tysse" er det større mulighet for å få til en helhetlig løsning og sikre en tidseffektiv gjennomføring. I tillegg er det lettere å lage et fundament for en skulptur ved å bruke en stein fra eksisterende masser og grave ned en fundamentstein før jordmasser og område ved plassering er ferdig planert og tilrettelagt.

Konsekvensene ved å ikke benytte muligheten er å ha en sentral veipunkt/strekning uten markedsføring av kommunen og risikere å vente lang tid for en senere prosjektering. Konsekvensene ved å ikke utsmykke denne veipunktet er å ikke imøtekomme framtidige generasjoner av Samninger med sin kulturarv i form av en identitet, og andre besøkende/tilreisende med historien om en kommune som var med å bygge og huset noe av de største kraftanleggene i Norge.

1.2 Prosjektmål

Hensikten er å installere en permanent og vedlikeholdsfri skulptur ved rundkjøringen / veistrekningen Fv.48 - Fv.7 med tilhørende fundament og tilstrekkelig belysning.

Dette gjøres ved å velge en kunst design forslag og hente inn priser på engineering, innkjøp samt produksjon av skulptur og innhente ressurser for installasjon av skulptur, fundament og belysning.

1.2.1 Prosjektets hovedmålsetting

Målet med prosjektet er å komme fram til en endelig design av skulptur samt hente inn priser på produksjon av skulptur. Se vedlegg forslag Samnanger Kunstlag (Vedlegg B.)

1.3 Rammer

Rammene av selve prosjektet er utsmykning ved veipunkt / rundkjøring / veistrekning, med forutsetning for en utsmykning som ivaretar Vegdirektoratets sine bestemmelser for siktkrav beskrevet i Statens Vegvesen ”Håndbok for Veg- og gateutforming” E.1.2.8.

Rammene for prosjektet sine kostnader er begrenset til midler innhentet av Samnanger Kunstlag fra Samnanger kommune, Fylkeskommunen, Staten, kulturmidler, andre tiltaksordninger og private sponsorer.

Prosjektet gjennomføres og realiseres kun ved godkjenning og i samarbeid med Vegvesenet og Samnanger kommune.

Samnanger Kunstlag disponerer ressurser på dugnad. Annet kompetanse til gjennomføring kjøpes inn som konsulentbistand eller på dugnad.

Frist for ferdigstillelse og tidspunkt for installasjon av skulptur settes i samarbeid med Samnanger kommune og Vegvesenet.

2. Omfang

2.1 Oppgavespesifikasjon

2.1.1 Design og illustrasjon av skulptur

Skulpturen skal designes på dugnad av kunstner Njaal R. Soleng i Samnanger Kunstlag. Njaal har en B.F.A. (Bachelor of Fine Art), spesialisering i skulptur fra School of Visual Art i New York City.

2.1.2 Engineering og fabrikasjon av skulptur

Ingeniørfirma engasjert av Samnanger Kunstlag skal utføre på fastpris hele engineering, innkjøp og produksjon av skulptur:

- 3d modellering av skulptur
- Teknisk plantegning plassering av elementer i installasjons-området
- Beregning av fundament; FEM analyse; vekt/struktur/vind
- Produksjonstegninger av deler, bolteløsning, osv.
- Skulptur produseres på verksted
- Strøm / lys-setting

2.1.3 Fundament

Det er et ønske å kunne velge ved frihet en passende fundamentstein fra overskuddssteinmasse uten kostnad fra byggeplass til fundament. Dette må avtales med Vegvesenet.

Fundamentstein må fraktes og nedgraves delvis i installasjonsområdet.

Installasjon av fundament er planlagt ved hjelp av Vegvesenet sine anleggspersonell og maskiner på byggeplass samtidig som det utføres annet arbeid ved veiprosjektet. Dette må avtales.

2.1.4 Installasjon av skulptur

Skulptur må løftes via mobilkran og boltes fast til fundamentstein ved bruk av hand verktøy.

Frakt av skulptur fra verksted til installasjonssted er ikke inkludert i plan per dags dato. Dette kan enten utføres av Ingeniørfirma eller etter avtale hentes EX WORKS, INCOTERMS 2010 fra verksted.

3 Prosjektorganisering

3.1 Ansvarsforhold

Samnanger Kunstlag:

- Godkjenning av prosjektplan
- Finansiering av prosjektet
- Økonomi og fremdriftsoppfølging
- Design og produksjon av skulptur
- Kvalitetssikring av gjennomføring
- Tilrettelegging til installasjon
- Planlegging og gjennomføring av installasjon

Framtidig:

- Driftsansvarlig for installasjon (ikke avklart enda)

3.2 Øvrige roller og bemanning

Samnanger Kunstlag:

- Margunn Lønnebakken, Styreformann
- Njaal R. Soleng, kunstner

4 Planlegging, oppfølging og rapportering

4.1 Krav til statusmøter og beslutningspunkter

Det er mulig behov for følgende beslutningsmøter:

- Godkjenning av design forslag: Samnanger Kunstlag
- Godkjenning av prosjektplan, design og pris: Samnanger Kunstlag og evt. Samnanger kommune
- Godkjenning prosjektplan og design: Samnanger Kunstlag, evt. Samnanger kommune og Vegvesenet
- Planlegging gjennomføring: Samnanger Kunstlag, Samnanger kommune, Vegvesenet
- Planlegging installasjon: Samnanger Kunstlag, Samnanger kommune, Vegvesenet

5 Risikoevaluering

5.1 Kritiske suksessfaktorer

Følgende er avgjørende for prosjektet:

- Nødvendig og tilstrekkelig finansiering er på plass for realisering
- Nødvendig godkjennelse fra Vegvesenet finner sted
- Det er tilstrekkelig med samarbeid mellom Vegvesenet og Samnanger kommune iht. installasjon av fundament og skulptur

5.2 Risikoevaluering

Det er minimal risiko med produksjon av og plassering av skulptur, når det benyttes kompetent ingeniørfirma til tekniske avklaringer. Produksjon og beregninger avtales til fastpris før oppdraget går fra tilbudsfasen til gjennomføring.

Det er ikke avklart risiko for gjennomføring av fundament og installasjon, da det er ikke tatt stilling til ansvar enda.

Det er ukjent hvor stor risiko det er å ikke kunne innhente tilstrekkelig finansiering av skulptur. Per dags dato er det ikke avklart noe.

6 Kvalitetssikring

Kvalitetssikring av produksjon av skulptur blir ivaretatt av Samnanger Kunstlag.

Kvalitetssikring av tilstrekkelig fundament blir ivaretatt av ingeniørfirma som Samnanger Kunstlag sin underleverandør.

Kvalitetssikring av installasjon er ikke avklart enda.

7 Gjennomføring

7.1 Hovedaktiviteter

a) Ingeniørfirma engasjert av Samnanger Kunstlag må utarbeider et fastpris tilbud på skulptur designet av Njaal R. Soleng
b) Design og tilbudet må bli godkjent av Samnanger Kunstlag

c) Samnanger Kunstlag sitt tilbud må bli godkjent av Samnanger kommune og Vegvesenet
d) Finansieringsmuligheter må avklares
e) Samnanger Kunstlag må søke midler og hente inn finansiering
f) Ingeniørfirma starter produksjon
g) Det avklares og planlegges installasjon av skulptur
h) Fundamentstein installeres
i) Skulptur leveres og installeres
j) Ønsket belysning

7.2 Kostnader

- Skulptur
  Tilbud innhentet 16.09 basert på produksjonstegninger (Vedlegg C.)
  Rustfritt stål SS304 + maling- Levering 7 uker.
  Estimert total pris: ca. 340.000,-

- Frakt
  Ikke innhentet pris pr.dd.
  Estimert ca. 10.000,-

- Installasjon
  Ikke innhentet pris pr.dd.
  Estimert leie av kranbil ca. 20.000,-

Total kostnader anslåes til ca. 350.000,-

7.3 Finansiering

Samnanger Kunstlag finansierer prosjektet ved å søke midler fra Samnanger kommune, Fylkeskommunen, Staten, kulturmidler, andre tiltaksordninger og private sponsorer.

8 Kontrakter og avtaler

Samnanger Kunstlag engasjerer et ingeniørfirma etter fastpris for leveranse av et ferdig skulptur, med eller uten frakt.

For mer informasjon ta kontakt med:
Njaal R. Soleng, Mob: 452 11 263, E-post: njaal@njaal.no

9 Vedlegg

9.1 Vedlegg A - Kart foreslått plassering



9.2 Vedlegg B – 3D Illustrasjon av skulptur



9.3 Vedlegg C – Produksjonstegninger skulptur

















Brenning

CONFIDENTIAL - This material transmitted or delivered in whatever form by or on behalf of FJELL TECHNOLOGY GROUP AS remains the exclusive property of FJELL TECHNOLOGY GROUP AS. The recipient of this drawing agrees to keep confidential and not to use, nor the owner of FJELL products, and not to make reproduction or copies, in any form or manner, or to disclose to a third party any information supplied by FJELL TECHNOLOGY GROUP AS without the prior written agreement of FJELL TECHNOLOGY GROUP AS.













Innvendig fundament sveises der det er mulig. Kilsveis

Alle materialer: CS
Overflatebehandling: Matt blåfarge
Alle sveis= kilsveis

1	10.09.2014	For tilbud	BHE	NSO	
Revision	Issued	Reason for Issue	Drawn	Supplier Contr. Approved	Customer Contr. Approved

Title **Dråpe** - -	Projection method	All dimensions: mm
Drawing	Customer -	
	P.O. no. -	
	Tag. no. -	
	Project -	
	Tolerances NS-ISO-2768-1	Grade -

Manufacturer's drawing ref.					Scale	Paper format
T-04112-	00	- GA -	001	1	1:50 (UNO)	A1
Project	Proj. Group	Drawing Type	No.	Rev.		



Samnanger kommune

Kulturmidlar – søknadsskjema

Opplysningar om søkjar:

Namn på laget: Samnanger Kunstlag

Adresse: Fjellheimsvegen 15 Postnr. og poststad: 5650

Organisasjonsnr.: 994 594 621

Leiar: Margunn Lønnebakken

Adresse: Fjellheimsvegen 15 Postnr. og poststad: 5650

E-post adresse: -

Tlf.: 56 586 166 Mobil: 959 936 191

Kasserar: Margunn Lønnebakken

Adresse: Fjellheimsvegen 15 Postnr. og poststad: 5650

E-post adresse: -

Tlf.: 56 586 166 Mobil: 959 936 191

Bankgironr: 35 302 437 856 Postgironr:

Er laget medlem i ein hovudorganisasjon?

Nei

Informasjon om medlemmer i laget:

Medlem	Medlemstal i alt	Medlemskontingent
Under 19 år		
Over 19 år	18	200

Kva søkjer de om:

☒ Driftstilskot til lag og organisasjonar ☐ Tilskot til tilskiping

☒ Tilskot til kulturminne ☐ Underskotgaranti til tilskipingar

☐ Tilskot til lokale lagshus og nærmiljøanlegg

Søknadssum: 350 000

Søknadstekst:

Utdrag fra Prosjektplan - "Kunstutsmykning ved rundkjøring Fv7-Fv48 i Samnanger"
Vennligst se vedlagt prosjektplan.

I forbindelse med vegprosjektet "Fv. 48 Tunnel bak Tysse" skal det eksisterende krysset der Fv. 48 møter Fv. 7 ved Straumen bro omgjøres til rundkjøring. Dette veipunktet tilknytter trafikkfarene som skal til og fra Bergen, Kvam og Fusa– og videre til og fra Hardanger.

Samnanger Kunstlag ønsker å ta initiativ til utsmykning og markedsføring av kommunen i form av en offentlig skulptur; med plassering på utsida av G/S-vegen nærmere Ulland.

Skulpturen er tenkt som en kulturell markering av Samnanger som kraftkommune, ledende innen kraft og småkraft kompetanse og "The Gateway to Hardanger" for bilturistene fra og til Bergen. På lik linje som Ulriken sin tårnmast lyser opp og markerer Bergen og "De Syv Fjell".

Selve skulpturen skal symbolisere en vann dråpe som assosieres til symbolene i Samnanger Kommune sitt kommunevåpen; seks dråper, samt regn og vannkraft

Dersom det ikkje er nok plass, kan de leggja ved eit skriv.

MERK DYKK FØLGJANDE:

Ved søknad om driftsmidlar **skal** årsmelding, vedteke budsjett og revidert rekneskap følgja søknaden.

Ved søknad om andre tiltak skal budsjett alltid følgja med. Andre krav til søknaden finn de i Retningsliner for tildeling av kulturmidlar.

Merk at kontaktinformasjon, inkludert organisasjonsnummer, kontonummer, telefonnummer og minst ein e-postadresse lyt vera fylt ut for at søknaden skal verta handsama. Delar av kontaktinformasjonen vert lagt ut på kommunen si heimeside og må derfor vera oppdatert.

Avsendar vitnar at dei opplysningane som er gjeve er rette.

Stad: Tysse **Dato / år:** 21.09.2014

Sendt av: Njaal R. Soleng

Søknaden vert å senda til: postmottak@samnanger.kommune.no eller
Samnanger kommune, Tyssevegen 217, 5650 Tysse

Fylkesmannen i Hordaland

ENDELEG TILSYNSRAPPORT

Kommunalt tilskot til godkjente ikkje-kommunale barnehagar

Krav til sakshandsaming

Samnanger kommune

1. Innleiing

Rapporten er utarbeida etter tilsyn med Samnanger kommune. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av kommunen. Tilsynet er gjort ved å vurdere kommunen sitt vedtak om kommunalt tilskot opp mot lovkrava.

2. Rettsleg grunnlag for tilsynet

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som barnehagemynde, jf. barnehagelova § 9 andre ledd. Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som barnehagemynde er tilsyn med dei lovpålagte oppgåvene, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som barnehagemynde er utøving av mynde, og skjer i samsvar med reglane om dette i forvaltningsretten. Tilsynet skal ha eit ope preg, det skal vere likebehandling og tilsynet skal vere mogleg å prøve i ettertid, og vere effektivt.

I dei tilfella Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som lovbrot, uavhengig av om det er forvaltningslova eller barnehagelova med forskrifter som er brote.

3. Tema for tilsyn

Tilsynet skal undersøkje om kommunen som barnehagemynde etterlever dei rettslege krava som er sett når det gjeld å fatte vedtak om tilskot til godkjende ikkje-kommunale barnehagar, jf. barnehagelova med *forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskot til ikkje-kommunale barnehagar* (tilskotforskrifta), og forvaltningslova.
Tema er valt ut fordi utrekninga av det kommunale tilskotet etter barnehagelova § 14 er eit utfordrande område både for kommuner og barnehageeigarar.

Utmåling av tilskot har store konsekvensar for ikkje-kommunale barnehagar. Det er ikkje alle barnehagar som har tilgang til den same kunnskapen som kommunane har, og det er viktig at vedtaka vert skrivne på ein måte som gjer at mottakarane kan forstå tildelinga av det kommunale tilskotet. For å sikre tryggleiken til barnehagane må kommunane etterleve sakshandsamingsregler i lov og forskrift når dei fatter vedtak om tilskot.

Forvaltningslova gir fleire reglar om sakshandsaming for offentlig organ. Formålet med forvaltningslova er i første omgang å leggje til rette for trygg sakshandsaming i forvaltninga.

Fylkesmannen vurderer at det er grunnlag for å sjå på kommunane sine vedtak om tilskot.

4. Rettsleg krav

Barnehagelova § 14 viser kommunane si finansieringsplikt til ikkje-kommunale barnehagar. Lova gir heimel til «*forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlig tilskot til ikke-kommunale barnehagar*». Formålet med forskrifta er å syte for at godkjende ikkje-kommunale barnehagar blir behandla likeverdig med dei kommunale barnehagane ved tildeling av kommunalt tilskot etter forskrifta. Etter tilskotforskrifta § 7 skal den årlige rapporteringa 15. desember gje grunnlag for utmålinga av tilskot til ikkje-kommunale barnehagar året etter.

I tilskotforskrifta § 8 første ledd heter det at «*kommunen ... én gang per år skal fatte vedtak om tilskot til ikke-kommunale barnehagar i samsvar med § 4 og § 5*». Tilskotforskrifta §§ 4 og 5 gir heimel til korleis kommunen skal utmåle tilskot til driftskostnader og kapitalkostnader. Det årlige vedtaket om tilskot til ikkje-kommunale barnehagar etter §§ 4 og 5, utmåler tilskot for eitt år om gongen, dersom ikkje kommunen i lokale retningsliner har innført fleire teljetidspunkt som fører til nye vedtak gjennom året.

Kommunen si tildeling av tilskot til ikkje-kommunale barnehagar er eit enkeltvedtak jf. forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav b, sjå også tilskotforskrifta § 12. Kommunen si tildeling av tilskot etter barnehagelova § 14 med tilhøyrande forskrift vert supplert av reglane i forvaltningslova. Når kommunen gjev tilskot i vedtak, må forvaltningslova sine reglar i kapittel V «om vedtaket. (§§ 23- 27b)» følgjast. Dette stiller mellom anna krav til at vedtaket er grunngjeve og at det blir vist til dei reglar som vedtaket byggjer på, med mindre parten kjenner reglane, og at klageadgang, klagefrist, klageinstans og nærare framgangsmåte ved klage er nemnd. Vi vil kome tilbake til disse krava under punkt 8 i rapporten.

Kommunen si generelle plikt til dokumentasjon følgjer av § 2 i tilskotforskrifta. I alle faser av sakshandsaminga skal kommunen grunngi og dokumentere tilstrekkelig at barnehagen kan vurdere om forskrifta sine regler er følgde. Forvaltningslova stiller krav til at ei sak skal være så godt opplyst som mogleg, og at grunngjevinga skal setje parten i stand til å forstå vedtaket. Dette stiller krav til at kommunen på ein god og forståelig måte i vedtaka viser korleis utrekninga av tilskotet er gjort.

5. Om gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjort ved at Fylkesmannen har henta inn skriftlig utgreiing og dokumentasjon frå kommunen, og vurdert dette opp mot dei sakshandsamingsreglane som gjeld når kommunane gjer enkeltvedtak om tilskot.

Fylkesmannen gjer merksam på at han i dette tilsynet ikkje har vurdert om utrekninga av tilskotet som kjem fram i vedtaka er riktige. Fylkesmannen har ikkje kontrollert utrekninga av kommunale satsar eller dei data frå barnehagane som kommunen har brukt satsane på. Lokale retningsliner er berre brukt som bakgrunnsinformasjon om kommunen sitt tilskotssystem, og Fylkesmannen har ikkje vurdert om desse er i samsvar med lovkrava.

Konklusjonane i tilsynet har sitt grunnlag i eit gitt kjeldemateriale og er gjort med utgangspunkt i status på tidspunktet for avslutning av tilsynet. Det er difor ikkje sikkert at alle lovbrot er avdekka.

6. Gangen i tilsynet

- Kommunen fekk varsel om tilsyn med krav om innsending av dokumentasjon datert 13.august 2014.
- Fylkesmannen mottok dokumentasjon frå kommunen 5. september 2014.
- Fylkesmannen sende førebels tilsynsrapport til kommunen 10. oktober med frist for eventuelle innspel samt varsel om pålegg om retting. Frist for tilbakemelding ble satt til 26. oktober 2014.

7. Dokumentasjon

I varsel om tilsyn bad Fylkesmannen Samnanger kommune om å sende inn vedtak om tilskot til dei ikkje-kommunale barnehagane for 2014, jf. tilskotforskrifta §§ 4, 5 og 8. Det vart spurd etter vedtak som er fatta på bakgrunn av årsmeldingane per 15.12.13. Fylkesmannen ba også om dokument som følgjer med vedtaka. Fylkesmannen bad i tillegg kommunen om å gi ein kort skriftleg tilbakemelding om praksis på området (tid på året det blir fatta vedtak, eventuelle årshjul, lokale retningsliner osv.)

Følgjande dokumentasjon er lagt fram for tilsynet:

- Svar på varsel om tilsyn i brev av 5. september 2014
- Tilskot til Aadland gards- og friluftsbarnehage av 4. februar 2014
- Berekning av tilskot til Aadland gardsbarnehage – rekneskap 2013

- Tilskot til Aadland gards- og friluftsbarnehage budsjett 2014 av 4. februar 2014

8. Fylkesmannen sine vurderingar av innsend dokumentasjon

Grunngjeving og dokumentasjon
Det følgjer av forvaltningslova § 23 at vedtak skal vere skriftlig. Vidare følgjer det av forvaltningslova § 24 at «*Enkeltvedtak skal grunngis*». Vidare har § 25 i forvaltningslova reglar om kva grunngjevinga skal innehalde. Ei grunngjeving betyr at parten får ei utgreiing om vedtaket. Formålet med kravet til grunngjeving er mellom anna at mottakaren av vedtak vert sett i stand til å forstå kvifor det er fatta vedtak, at vedtaket er riktig, og at mottakaren har høve til å vurdere klagesak.

I forskrift om tilskot § 2 er kommunen også gitt ei særskild dokumentasjonsplikt når han tildeler tilskot. Etter § 2 har kommunen plikt til å dokumentere at kvar tildeling av tilskot til ordinær drift, jf. § 3, til ikkje-kommunale barnehagar skjer i samsvar med forskrifta.

Etter forskrift om tilskot § 3 omfattar «*Kostnader til ordinær drift ... driftskostnader, kapitalkostander og administrasjonskostnader*». Det følgjer vidare av forskrifta § 4 at når kommunen bereknar driftstilskotet skal berekninga skje ut i frå «*gjennomsnittlige budsjetterte driftskostnader per heltidsplass i tilsvarende kommunale barnehager. Kommunen skal gi et påslag for administrasjonskostnader på fire prosent av gjennomsnittlige budsjetterte driftskostnader i tilsvarende kommunale barnehager.*» Kommunen skal så «*fastsette tilskuddssatser til driftskostander per heltidsplass. Satsene skal beregnes i samsvar med forholdstall for finansiering av plasser for barn over og under tre år fastsatt av departementet...Det skal være egne satser* per heltidsplass for ordinære *barnehager, familiebarnehager og åpne barnehager. For ordinære barnehager og familiebarnehager skal det settes en sats for barn over tre år, og en sats for barn under tre år... Kommunen skal dokumentere hvordan tilskuddssatsene er beregnet,* jf. forskrifta § 4.

Samnanger kommune har sendt inn eit dokument datert 4. februar 2014 med tittelen «*Tilskot til Aadland gards- og friluftsbarnehage- budsjett 2014*» . Slik Fylkesmannen oppfattar det, er det dette som er vedtak om tilskot. Kommunen oppfyller med dette kravet om at vedtaket skal vere skriftleg, jf. forvaltningslova § 23.

Av vedtaket følgjer det at barnehagen skal ha utbetalt eit tilskot på totalt kr. 3,2 millionar for 2014. Fordelt per månad blir summen kr. 266 666. Av vedtaket følgjer det berre at utbetalingsdato er 2. Kommunen har ikkje gitt grunngjeving for vedtaket utover dette, og det kjem ikkje fram om det er 2 kvar månad utbetalinga skjer. I overskrifta på brevet står det berre "*kommunalt tilskot til drift*", og det går heller ikkje fram av sjølve vedtaket at det beløpet som er oppgitt inkluderer både drifts- og kapitaltilskotet. Fylkesmannen er av den oppfatning at kommunen, i sjølve vedtaket, skulle gitt informasjon om at tildelt beløp inkluderer både det barnehagen får til driftskostnader etter § 4 i tilskotsforskrifta, og det dei får til kapitalkostnader etter § 5 i tilskotsforskrifta. Slik vedtaket er formulert er det også svært vanskeleg å forstå kvifor tilskotet er sett som det er.

I vedtaket viser kommunen til eit anna dokument «*berekning av tilskot til Aadland gardsbarnehage- rekneskap 2013*» og hevdar at dette dokumentet har direkte samanheng med utrekninga for budsjett 2014. Dette er eit dokument som viser etterjustering av tilskotet for 2013. Det viser ikkje korleis tilskotet basert på budsjett for 2014 er rekna ut, og det er ikkje tilstrekkeleg å berre vise til eit dokument som har samanheng med utrekninga for tilskot. Fylkesmannen har ikkje fått andre dokument frå kommunen som viser korleis tilskota for

2014 er rekna ut. Kommunen burde lagt ved dokument som viste utrekninga for 2014, og ikkje berre vise til eit dokument som har samanheng med utrekninga for budsjett 2014. Informasjon om korleis utrekninga er gjort er naudsynt for at barnehageeigarane skal kunne forstå kor mykje dei faktisk vil få i tilskot frå kommunen, og for å kunne vurdere om reglane i forskrifta er følgde.

Fylkesmannen meiner kommunen gjennom manglande grunngjeving i vedtaket og dokumentasjon for utrekninga bryt plikta til grunngjeving i forvaltningslova § 24 og 25, samt plikta til dokumentasjon i forskrift om likeverdig behandling § 2.

Etter forvaltningslova § 25 skal det også visast i grunngjevinga til dei reglane vedtaket byggjer på, med mindre parten kjenner reglane. Det følgjer også av føresegna at, *«i den utstrekning det er nødvendig for å sette parten i stand til å forstå vedtaket, skal begrunnelsen også gjengi innholdet av reglene ...»*. Forvaltningsorganet som fattar eit vedtak skal med andre ord setje mottakaren av vedtaket i stand til forstå kvifor og korleis rettsreglane er brukt i saka.

Samnanger kommune har vist til barnehagelova § 14 i sine retningsliner for utbetaling av tilskot til private barnehagar. Det er positivt at lovheimelen er teke inn i desse retningslinene. Kommunen viser likevel ikkje til denne heimelen i sjølve vedtaket som er send til barnehagen. I eit dokument med namnet *«Berekning av tilskot til Aadland gardsbarnehage – rekneskap 2013»* er det vist til Forskrift om likeverdig behandling § 4 om driftskostnader. Det er imidlertid ikkje vist til barnehagelova § 14, forskrift om likeverdig behandling § 4 eller § 5 om tilskot til kapitalkostnader i sjølve vedtaket.

Spørsmålet er om ein kan leggje til grunn at dei ikkje-kommunale barnehagane i Samnanger er kjend med regelverket. Barnehageeigarar er profesjonelle aktørar som driv barnehagar på vegne av samfunnet. Barnehagelova § 7 seier noko om ansvaret som barnehageeigar har. Her vert barnehageeigarar sitt ansvar for å drive verksemda i samsvar med regelverket stadfesta. I dette ligg det ei plikt til å halde seg oppdatert på dei lokale og sentrale krav som til ei kvar tid er stilt til barnehagedrift. Det er viktig å vise til reglane. For at kravet om å vise til reglane skal kunne fråvikast, må det være klart at parten ikkje berre kjenner generelt til det regelsett som gjeld, men at han har detaljkunnskap om reglane. Regelverket for tilskot til ikkje-kommunale barnehagar er komplisert, og barnehagane er ulike både når det gjelder eigarform og storleik. Barnehageeigarane har også ulik kunnskap om regelverket. Fylkesmannen vurderer derfor at barnehageeigar si plikt til å halde seg oppdatert, ikkje går så langt som at kommunen føreset at barnehageeigarane kjenner regelverket godt nok.

Fylkesmannen vurderer det derfor som eit brot på forvaltningslova § 25 når kommunen ikkje har vist til barnehagelova § 14 og tilskotforskrifta § 4 og 5 i vedtaket.

Klage
Forvaltningslova § 27 tredje ledd har reglar om krav til innhaldet i kommunen si underretning av vedtak som er fatta. Det følgjer av lova at:

«klageadgang, klagefrist, klageinstans og nærmere fremgangsmåte ved klage, samt om retten etter § 18, jfr § 19 til å se sakens dokumenter.»

Samnanger kommune har i brev til Fylkesmannen av 5. september 2014 vist til at barnehageeigaren har ein tett dialog med både økonomisjef og rådmann om tilskot, og at han veit at han kan klage på vedtak om tilskot. I vedtaket opplyser ikkje Samnanger kommune om klagerett, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage, jf. krav i forvaltningslova §§

27, 28 og 29. Det er ikkje nok at barnehagene veit at han kan klage. Dette skal komme frem av vedtaket. Fylkesmannen vurderer at det er eit brot på forvaltningslova § 27 når klageadgang, klagefrist eller klageinstans ikkje er tatt med i sjølve vedtaket.

Fylkesmannen har ikkje motteke nokre tilbakemeldingar frå Samnanger kommune innan fastsatt frist som var 26. oktober 2014.

9. Lovbrot som må utbetrast

Samnanger kommune må fatte eit vedtak om tilskot til ikkje kommunale barnehagar som oppfyller krava i forvaltningslova og barnehagelova § 14 med tilhøyrande forskrift. Kommunen må i den samanheng sikre at framtidige vedtak om kommunalt tilskot

- gir ei klar grunngjeving for vedtaket. Dette betyr at kommunen må gi opplysningar om korleis ein har kome fram til satsane for drift- og kapitaltilskot, eller legge ved dokument kor ein kan finne denne informasjonen.
- vise til dei rettsreglane vedtaket byggjer på i vedtaket.
- opplyser om klageadgang, klagefrist og at Fylkesmannen er klageinstans for vedtak etter barnehagelova § 14 andre ledd.

10. Frist for retting og tilbakemelding

Fylkesmannen har ikkje motteke kommentarar frå Samnanger kommune på den førebelse rapporten. Fylkesmannen legg derfor vurderingane i den førebelse rapporten til grunn.

For Fylkesmannen sitt tilsyn etter barnehagelova § 14, gjeld reglane i kommunelova kapittel 10A. Det følgjar av kommunelova § 60 d:

«Fylkesmannen kan gi pålegg til kommunen eller fylkeskommunen om å rette forhold som er i strid med de bestemmelser fylkesmannen fører tilsyn med etter § 60 b. Før pålegg benyttes, skal kommunen eller fylkeskommunen gis en rimelig frist til å rette forholdet».

Samnanger kommune har frist til ***12. desember 2014*** til å rette lovbrota, jf. kommunelova § 60 d. Innan denne fristen må Samnanger kommune gi ei erklæring til Fylkesmannen om at forholda er retta, og korleis dei er retta. Dersom forholdet ikkje er retta innan 12. desember 2014, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d.

Marianne Svege	Christian Spets	Marte Bauge
Tilsynsleiar	rådgjevar	rådgjevar